

2008


Nyheiter frå KoKom

Foto: Helge Skodvin



KoKom er eit nasjonalt kompetansesenter der hovedfokus er monitorering og vidareutvikling av medisinsk nødmeldetjeneste i Norge.

KoKom er behjelpeleg med råd og vink, vidareformidar kontakt og har elles ei rolle som kompetansesenter for samspelet mellom medisinske, tekniske og organisatoriske forhold i dei ulike delane av tenesta.



PRODUKT

Sidan KoKom vart oppretta er det ved senteret blitt gitt ut eit 20-tals rapportar, fleire cd-rom og filmar til opplæring og informasjon.

Tredje utgåva av handboka *Kommunikasjon og samhandling i akuttmedisinske situasjoner*, vart gitt ut i 2007 i ei prøveutgåve.

Den fjerde utgåva er under

AMK/LV-SIMULATOR

Ein test LV/AMK-simulator er etablert i Møllendalsbakken i Bergen.

Føremålet er å kunne simulere miljø og teknologi i AMK- og legevaktsentralar. I tillegg til testing av produkt og system, vert simulatoren nytta i gjennomføring av prosjekt som involverer bruk av nødmeldesentral.

På sikt er det eit mål at simulatoren også skal kunne bli brukt til opplæring av personell, og til andre føremål – etter kva som måtte vere ønskjeleg for våre brukarar

PROSJEKT VED KOKOM 2008 (utval)

Gevinstrealisering nødnett - helse

Før stortinget kan ta stilling til vidare utbygging av det digitale nødnettet, skal det utførast ei utgreiing om gevinstrealisering. Utgreiinga skal vere felles for dei tre nødetatane, men med separate innspel frå kvar etat.

Føremålet med gevinstarbeidet i helsesektoren er å identifisere effektar, beskrive moglege gevinstar av desse og definere tiltak og ansvarsfordeling for uthenting av gevinstane.

tilrettelegging.

Boka gjev ei innføring i akuttmedisinsk kommunikasjon og samhandling.

KoKom har også bidratt i utvikling av: Fagplan for AMK- og LV-personell, Resertifiseringsprogram for AMK-operatørar, Standardisering av digitale kartsymbol m.m.



Utrøving av LV/AMK-simulator ved KoKom, Kari Nilsen Hauge og Svanaug Løkling, AMK-Haugesund.

Forprosjekt støttesystem prehospital tenester

I prosjektet tek ein sikte på å avdekke kva faglege, organisatoriske, teknologiske og økonomiske utfordringar ein vil stå ovanfor dersom ein bestemmer seg for å etablere eit system for ein heilheitleg prehospital akuttmedisin.

Prosjektet skal utførast av KoKom i samarbeid med Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin.

Oppdragsgjevar: Helse Sør-Øst RHF.

www.kokom.no

Psykiatriske akuttmottak - kommunikasjonslinjer nytt nødnett

Psykiatriske akuttmottak (PAM) skal inngå i det nye nødnettet. Det er i forkant for dette eit behov for å greie ut om korleis kommunikasjonslinjene og meldingsflyten er mellom LV-sentralar, AMK, ambulansetenesta og PAM.

I prosjektet skal ein:
Beskrive dagens akuttpsykiatriske varslingskjede.

Beskrive meldingsflyten mellom innringar, LV-sentral, AMK (inkludert ambulansetenesta) og PAM.

Gjere greie for kva lokale prosedyrar som fins hos PAM, LV- og AMK-sentralar for den akuttpsykiatriske varslingskjeda
Undersøke korleis nødnettet vil kunne endre og føretre meldingsflyten

IKT i den akuttmedisinske kjede

I rapporten som følgde etter dette prosjektet vert den elektroniske samhandlinga i den akuttmedisinske kjeda kartlagd, og samhandlinga illustrert i ti senario.

Vidare viser rapporten korleis den elektroniske samhandlinga mellom dei ambulante tenestene (heimesjukepleien og distriktpsikiatriske sentra) og dei akuttmedisinske tenestene er.

I tillegg finn ein ei oversikt over aktørar og interessentar i den akuttmedisinske kjeda, samt ei liste med 19 tilrådingar til forbetringar.

Funksjonshemma og nødnummer

Organisasjonar for funksjonshemma i Norge har uttrykt ønskje om at nødnummera skal gjerast tilgjengelige

for funksjonshemma på same måte som dei er det for funksjonsfriske. Også EU-kommisjonen har eit sterkt fokus på dette området. Gjeldande direktiv er for tida under revisjon.

Mandatet til prosjektet er at ein skal gjere greie for korleis tilgjenge til nødnetatene gjennom nødnummera i Norge fungerer for individ med særskilde behov i dag.

Ein skal gjere greie for kva grupper av funksjonshemma som vil ha nytte av tilpassing av nødmeldetenesta.

Komme med forslag til tilpasningar, både tekniske og andre.

Eventuelt skal ein også skissere forslag til vidare utgreiingar innan problemområdet.

eCall - nasjonalt prosjekt

EU-kommisjonen arbeider med innføring av system for oppringing til relevant nødmeldesentral frå bilar der førar og/eller passasjer har vore utsette for ulukker. Oppkallet skal følgjast av oversending av data.

Tenesta skal etter planen implementerast i 2010 i heile EU/EØS området. Før det kan skje, må det vurderast å utføre vesentlege førebuingar både innan telekommunikasjon, nødmeldesentralar og blant publikum. Mandatet for dette prosjektet er mellom anna å avklare kva tiltak som må iverksetjast i Norge for at eCall skal kunne implementerast.

Les også om fleire prosjekt ved KoKom:

- Brukaropplæring nødnett
- Nødnett - sponing krav til kontrakt/endringsmeldingar nødnett
- Lege/ambulansesalarm i helseradionettet
- Digitale radiosystemer i andre land/NARTUS

Nasjonalt kompetansesenter for helse-
tjenestens kommunikasjonsberedskap
Akronym: KoKom.
Etablert i Bergen i 1997.

KOKOM SI ROLLE

Bidra til at medisinsk nødmeldetjeneste
fungerer optimalt som ein del av helsetenesta.



Eit utval rapportar frå KoKom

Nasjonalt kompetansesenter for helse-
tjenestens kommunikasjonsberedskap (KoKom)

Møllendalsbakken 9
N-5009 Bergen

firmapost@kokom.no

tlf. 55 97 72 60 faks 55 97 72 61

www.kokom.no